

Bokn Bygdablad

Nr. 5 juni 2011 – Årg. 26



Vennebyen – s. 2



Føresvik Terrasse – s. 4



Rogfast-synfaring – s. 16



Steinalderbuplass – s. 17



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**

Vennebyen

Elisabet Taraldlien

3. juni opprant med svære skyer på himmelen, og det såg ikkje lovande ut. Men det gjorde egentlig ikkje nokon ting. Me sko få besøk av Vennebyen i barnehagen! Gjett om me hadde gleda oss! Og me hadde førebudd oss godt. Me hadde øva oss på dansen deira, vennefloka, og fargelagt bilder av dei som me hadde hengt på kjøkkenet.

Nå skulle dei endeleg komme til oss! Spenninga sitra i både borna og oss voksne! Og så fekk me liketil veret med på lag, for skyene sprakk opp, og sola skein og varma som om ho skjønnte at det skjedde noko utruleg kjekt på Bokn denne dagen.

Og at me har kjeke vaktmeistrar på Bokn, det synte han Arild Ognøy, for han blei spurdt om han kunne ta brannbilen, og frakte Vennebyfolka opp frå Boknatun og inn til barnehagen. Klart han kunne det, og så blei det gjort! Apa og Ted kom med brannbilen, Elfie måtte kjørast i eigen bil. Då bilane runda rundkjøringa, sto jubelen til skyene, gledeshyla runga og ungene sprang langsmed gjerdet inne i barnehagen, i fylgje med bilane. Det tok litt tid før bilane kom seg opp til skuleplassen, og det vart laaange minutt!

Men så kom dei! Magisk! Brannbilen tuta slik ein brannbil skal gjere, og køyrde sakte inn til oss i barnehagen. Ut steig Apa og Ted! I Vennebybilen kom Elfie, og så var de der; Apa, Ted og Elfie! Utanfor gjerdet sto 2. klasse på Bokn skule å prøve å sjå kva som skjedde. Dei blei vinka inn sjølvsgagt! Nå kunne showet starte!

Dei som var med i fylgje til Elfie, Ted og Apa, forklarte at det var ikkje så lett for dei å seie noko, dei var litt forkjøla og hadde vondt i halsen. Så håpa dei at me ville vere med å danse vennefloka saman med dei? Sjølvsgagt! Me dansa vennefloka, og om eg skal få seie det, me var ganske flinke!

Så fekk alle ungene som hadde lyst, kome å gi ein klem til dei tre venene. Nokre av borna var frampå med ein gong, mens andre sto litt på vent. Det var nokre svære kosebamsar, så litt skummelt var det jo... Men me fekk tatt nokre flotte bilder av oss alle i saman

Til slutt hadde dei gåver som blei delte ut til alle borna, caps og plakater. For ein dag, du kan sei me snakka litt om det etterpå...

Info: Vennebyen er eit barnetv-program som går på TV2 laurdags morgon. Der bur dei tre vennene Elfie, Ted og Apa. For å få meir informasjon om dei, kan du klikke deg inn på heimesida deira: vennebyen.no



1



2



3

- 1: Me ventar
- 2: Dei kjem!!
- 3: Vennebybilen
- 4: Vennefloka-dansen
- 5: God klem!
- 6: Me fekk gåver
- 7: Dei tre venene Ted, Elfie og Apa



4



5



6



7



Kjære sambygding

Drosje i Bokn

Det er fleire år sidan sist det var stasjonert fast drosje i Bokn. Det er difor hyggeleg å kunne melde at det frå seinsommaren igjen blir eit eige drosjetilbod i kommunen. Helga Marie Dagsland, som i dag driv drosje i Skjoldastraumen, har etter søknad fått tildelt eit løyve frå Rogaland fylkeskommune.

Bokn er på fleire måtar eit samferdslemessig knutepunkt med anløp av både snøggåtar, ferjer og buss og behovet for drosjetransport til og frå anløpsstadene er tilstades. Også boknarar og lokale verksemdar har sakna eit slikt tilbod etter at den siste stasjonerte Bokn-drosjen la opp i 2003. Særleg har dette vore ei utfordring for eldre utan bil eller førarkort. Fleire bevegelsehemma og andre funksjonshemma har såkalla TT-transportkort der ein får rabatt med drosje, men som ikkje har fått brukt desse korta på skikkeleg måte på grunn av mangel av drosjetilbod i kommunen.

Eg håpar Dagsland lukkast med denne satsinga og at boknarane støttar opp om tilbodet og blir flinke til å bruke drosjen. På sikt håpar eg også at Bokn-drosjen får etablert avtalar om fast kjøring for ulike føretak og verksemdar i nærområda slik at eigarane får eit best mogleg grunnlag for drift i bygda.

Namn på ny gassferje

Fjord1 inngjekk i vår kontrakt med Fiskerstrand BLRT AS om prosjektering og bygging av verdas største gassferje som skal setjast inn i sambandet Arsvågen-Mortavika i november 2011. Med den trafikkauken me opplever på Boknafjordsambandet er eg glad for at regulariteten blir tatt i vare med ei tredje ferje.

Som ordførar i vertskommunen for dei nordre anløpa, Arsvågen, har eg eit ynskje om at namnet på den nye ferja kan ha ei tilknytting til det geografiske området ferja skal operera i. Difor har eg sendt brev til leiinga i rederiet der eg føreslår at ferja får eit namn som har Bokn i seg, dømesvis "Bokn" eller "Boknafjorden". Dette blei også gjort i 1996 av dåverande ordførar, Svein Ove Alvestad, i samband med bygging av dei nåverande ferjene som seinare fekk namna "Stavangerfjord" og "Mastrafjord".

Fjord1 har tradisjon for å bruke "fjord" i skipsnamna, difor er det kanskje mest nærliggande å tru at "Boknafjorden" kan vera eit aktuelt



FØRSTE TUR 17. JUNI: Egil Ognøy har frakta Arne Våge til sjukestova.

namn. I så fall må dette namnet bli frigjort då namnet er i bruk på eit anna farty i dag.

Eg håpar Fjord1 vurderar dette innspilet og at den nye gassferja kan få eit namn som er knytt til lokalområdet vårt, og med det syt for at eit eldgammalt stadnamn blir endå meir synleg.

Lærlingar i Bokn

Bokn kommune hadde tidlegare lærlingeplassar knytt til skule/ barnehage og i seksjon helse. På grunn av vanskar med rekruttering samt innsparingar i seksjonane, blei desse læreplassane inndratt i 2006. Den seinare tida har det imidlertid meldt seg eit behov for lærlingeplassar. Rekrutteringa til mellom anna barne- og ungdomsarbeidarfaget og omsorgsarbeidarfaget/ helsearbeidarfaget er blitt større og fleire boknaungdommar satsar på ei slik utdanning.

Difor opprettar Bokn kommune frå og med i haust to læreplassar i kommunen. Bakgrunnen for opprettinga er vanskar med å få læreplassar i andre kommunar, og den enkelte kommune ser ut til å prioritera inntak av egne ungdommar.

Eg trur det er viktig å leggja til rette for våre egne ungdommar då me veit at kommunen vil ha stor bruk for slike fagpersonar i framtida. Ved å tilby lærlingeplassar i heimkommunen vil ein motivera ungdommane til å satse på å heve kompetansen sin, samstundes som ein også ynskjer å behalda ungdommen i kommunen. Læreplassane vil bli lagt inn i ordinære budsjett for åra som kjem.

Kommunal minibuss

Formannskapet gjorde hausten 2010 vedtak om å kjøpe inn ein minibuss til

bruk i den kommunale verksemda, for frivillege lag og organisasjonar og privatpersonar. I veke 24 blei bussen levert Bokn kommune.

Minibussen er av merket Mercedes Sprinter og har 17 sitjeplassar inkludert sjåfør og har montert rullestolheis. Minibussen er stasjonert ved Boknatun. Dei fyrste bestillingane på lån av bussen kom leveringsdagen frå mellom anna skulen og dagsenteret.

Administrasjonen ferdigstillar utlånsreglement og vilkår for bruk av minibussen i desse dagar og vil bli publisert på www.bokn.no.

Eg vil spesielt oppmoda lag og organisasjonar i Bokn til å nyttiggjera seg av dette tilbodet og bruke minibussen til turar og utflukter og andre aktivitetar som utløyser transportbehov. Det er hyggeleg, sosialt og miljøvennleg å gjennomføra transportetappar i lag og under same tak. Og det ligg ein aldri så liten folkehelsegevinst i det å sitja saman, trygt og komfortabelt, på veg ut i verda. God tur!



Foto: JH

Kommunal minibuss

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn Bygdablad ein god og solrik sommar.

Ordføraren

Føresvik Terrasse

Jardar Havikbotn

Eigedomsselskapet Bokn Eiendom AS har snart seks leiligheter klare for sal i Førsvik.

- Terrassebygget i tre etasjer med nøkkelklare to- og treroms-leiligheter vil ligga veldig sentralt og ha kjempefin sjøutsikt i 180 grader. Det er Lars Norekvål som fortel dette til Bokn Bygdablad. Saman med Kjell Olav Skjelde er han eigar av Bokn Eiendom.

Vekt på estetikk

Bygget, som vil bli senka litt inn i landskapet, og som berre vil koma 1,5 til 2 meter over den kommunale vegen, vil berre få 50-100 meter til Boknatun, skule og barnehage, og 300 meter til butikk. Dei to første etasjane blir sett opp i betong, toppetasjen i tre. Dei to bustadene i første etasje vil koma på ca 115 m², dei midterste på ca 95 m² og dei øvste på ca 90 m². I tillegg vil kvar eining ha felles uteareal og terrasse på ca 23 m², med glassrekkverk, for å forsterka utsikta. Alle murar på uteområdet blir natursteinsmurar.

Kvar leiligheit vil ha god standard, med to parkeringsplassar, parkett på alle golv og flislagde terrassar og bad. Fire – fem av leilighetene får også livsløpsstandard. Huset, med front mot nordaust, vil også få privat gangveg 40-50 meter ned til sjøen, med moglegheit for å leiga båt plass. Eg får også opplyst at dei to nederste bustadene eignar seg godt for barnefamiljar, med m.a. tre soverom. Leilighetene eignar seg også spesielt godt for folk som vil kvitta seg med hus og hage og ha noko tilnærma vedlikehaldsfritt, og som vil bruka fritida på hytta, reiser, osv. Prisane vil ligga på 2,5 til 2,7 mill.

Snart for sal

Dei håpar på byggstart i september, og at det heile står klart våren 2012, men det avhenger av salet. Leilighetene blir lagt ut for sal i byrjinga av juli, gjennom Eiendomsmeidler1.

Prosjektet har møtt velvilje hjå både naboar og politikarar, og er spennande og unikt på Bokn, avsluttar **Lars Norekvål**, som ber interesserte ta kontakt med han på tlf. **93 01 55 44**, eller hjå

Eiendomsmeidler1 ved Monica Mørk Vikse, tlf. **52 80 98 82/94 13 38 58**
E-post: monica.vikse@em1.no
 eller

Johan Helgeland,
 tlf. **52 80 98 73/91 58 10 18**
 E-post: **johan.helgeland@em1.no**



Fv. Kjell Olav Skjelde og Lars Norekvål i Bokn Eiendom AS på den aktuelle tomte. Sistnemnde peikar mot nordaust, der terrassehuset kjem. Taket på bygget kjem ein meter over der dei står.

Foto: Joakim Skjelde



Pila viser kor huset kjem.

Foto: Kyrre Lindanger



Fasadeteikning

KFL bil og utleige

Jardar Havikbotn

Kjell Frode Lie oppretta hausten 2010 eige firma med tanke på å tilby folk bilpleie og utleige av stillas, hengarar, m.m.

Bilmekanikaren håpar på å få seg tomt til verksemda i Knarholmen industriområde, og satsar på å få opp ein hall der seinare i år. Nå står han heime i garasjen med begrensa lagringsplass. Hallen er planlagt slik at han også kan leiga ut plass til det folk måtte trenga, og det blir nemnt bubil, campingvogn og båt.

I bilpleie går det mest i lakkrens. Kjell Frode vaskar bilen grundig før han går over med ulike maskinar, for å få glansen i bilen og få vekk riper som ikkje er for djupe. Den siste laget blir så gjort med hand.

36-åringen tilbyr også seterens, ikkje minst rensing og smørjing av skinnseter (med balsam). Dette er noko folk med skinnseter syndar mot, og resultatet blir at setene ikkje ser så fine ut etter nokre år.

Lett å gløyma

Folk gløymer også å desinfiseringa klima-anlegget i bilane sine, noko som bør gjerast ein gong i året. Ei slik desinfisering, som også høyrer til Kjell Frode sine tilbod, fører til ei stor forbetring av kvaliteten på lufta inne i bilen. Fukt blir nemlig skilt ut i anlegget, som igjen fører til bakterioppsamling. Har ein dårleg lukt i bilen, er det nok lenge sidan dette har blitt gjort.

- Det går lett 4-6 timar på ein bil, seier Kjell Frode medan han startar å bona. Eg får veta at fordelen med å bona ein



Kjell Frode Lie brukar kvalitetsprodukt frå Auto Glym.

bil er at han blir lettare å halda, blir blankare og held seg lengre, bilverdien stiger og rusten kjem ikkje så fort; lakken blir forsegla. I vår kursa Kjell Frode seg i Oslo, hjå Auto Glym. Erfaring i

slikt bilpleie-arbeid har han også frå si tid hjå Sveio Auto. Bilentusiastar har også fagbrev som ambulansesjåfør, og jobbar som dette i Helse Fonna, område Suldal, ein jobb han fint kan kombinera med **KFL bil og utleige**, tlf. 907 83 797.

Kjell Frode, som også har vore aktiv i Bokn Røde Kors i ei årrekke, likar å ha noko å gjera på. Han driv også Bokn & Tysvær begravelsesbyrå saman med faren, og hjelper til i faren sitt firma som driv med utleige av minigravarar. - Det gjeld om å vera allsidig på ein liten plass, smiler ein som skal ha



Ein bil får siste finpusen.

stand på Sommarmarknaden i Føresvik 16. juli. Der vil han m.a. selja produktpakkar, til folk som vil gjera ting sjølv.

Bokn Taxi

Det blir stasjonert drosje i Bokn frå 1. august.

- Me håpar i alle fall på den dato, seier Helga Marie Dagsland i

Skjoldastraumen Taxi til Bokn Bygdablad. Ho har fått løyve til å starta opp med slik verksemd i kommunen.

Det er son hennar, Kjetil Dagsland, som saman med familien vil busetja seg i kommunen og driva Bokn Taxi. Bilen, med plass til åtte personar, blir disponibel alle dagar, 24 timar i

døgnet. Bilen er ikkje komen enno, heller ikkje telefonnummeret til Bokn Taxi. Helga Marie Dagsland reknar med at dette blir klart i løpet av juli, og Bokn Bygdablad vil koma tilbake til saka.

Kjetil Dagsland er i desse dagar på jakt etter å leiga bustad for ein familie på tre.

Fargeprakt

*Gje meg ein augneblink av fargar,
- lat angen pirra deg så smått.
Kjenn på det søte dei ber i sine margar,
Nei sjå; noko så flott!*

AEA



G
R
A
T
U
L
E
R



Sylvia Vatnaland 13 år, 4. juli

Gratulere med 13 års dagen:) Håpar du hadde ein fin dag.

Klem fra Lene, tante og onkel:)

Gratulerer!

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Odd Grønnestad 60 år, 7. juni

Me vil gratulera vår kjære pappa/bestefar med 60 årsdagen.

Me e kjempeglad i deg, stor klem fra Oddrun, Jorunn og Viktor :)



Adrian Hesthammer 10 år, 8. juni

Hipp hurra for Adrian som var 10 år 8 juni!

Stor klem fra besten, mormor, Kim, tante & Karoline



Simen Havikbotn 14 år, 10. juni

Gratulera så mye med dagen!

Klem fra mor, far, Ida og bestemor



Karen Nesse Hetland 15 år, 15. juni

Gratulerer Karen med 15 års dagen. Ønsker deg en "søt" dag på Sjokoladepiken i Stavanger.

Du er en kjempeflott datter og søster og vi er veldig glad i deg.

Hilsen mamma, pappa, Gabriel, Ingrid og "Desmo - Maine Coon"



Malin Taraldlien 38 år, 16. juni

Vi vil gratulere vår goe venninne med dagen 16. juni.

Mange klemmer i fra Klubb-jentene:)



Malin Taraldlien 38 år, 16. juni

Gratulere med dagen

Klem fra mamma og pappa



Celine Steinsland 1 år, 20. juni

Jeg vil så gjerne få gratulere Celine med 1 års dagen 20. juni!
Kjempe masse gla` i deg, lille venn!

Stor klem fra "tante" Irene



Malena Hognaland 12 år, 24 juni

Gratulerer så masse med dagen!

Klem fra Torgils, mamma og pappa



Malena Hognaland 12 år, 24 juni

Den kjekke nabojenta blir 12 år i dag 24. juni.

Klem fra oss over vegen:)



Silje Eide 18 år, 24. juni

Me vil gratulera med 18 årsdagen!

Klem frå mamma, pappa, Renate og Annelin



Sunniva Taraldlien 9 år, 28. juni

Mor sin turkamerat blir 9 år 28. juni, gratulera!

Klem fra mor og far!



Sunniva Taraldlien 9 år, 28. juni

Me vil gratulere go'jenta vår med 9 års dagen 28. juni! Glad i deg!

Hilsen mamma, pappa og Irmelin



Jone Våga 13 år, 28. juni

Hurra for bursdagsbarnet Jone som er tenåring 28. juni.
Gratulerer så mye med dagen!

Hilsen Amalie, Ruben, Preben, mamma og pappa



Sylvia Vatnaland 13 år, 4. juli

13 år! Vi vil gratulere Sylvia så mye med dagen 4. juli. Håper du hadde en knall dag!

Klem fra Linnea, Malcolm og mamma

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Var den førre runden lett var denne dess vanskelegare. Særleg uttrykket "å gjøysa" skapte hovudbry. Ingen fann ut av dette uttrykket. Elles var "å trensla" og "å poda" vanskelege utfordringar. Imponerende då at det likevel var ein del som greidde dei. Vanskegraden gav også utslag på resultatata. Faktisk hadde ingen alle rette. Ingen hadde heller åtte rette, men tri hadde alle sju rette. Også det eit godt resultat med tanke på kor vanskeleg denne var.

Så forklaringa til dei førre uttrykka:

- | | |
|----------------------------|--|
| 1. på lesta | på liksom |
| 2. å ikkje lea yggjen | å ikkje rikka seg |
| 3. å trensla | å sy saman eit sundrive garn |
| 4. eit gatt | ein opning, hol, t.d. endetarmsopningen på fisk |
| 5. å gjøysa | å fossa ut, spruta ut: det var bare så det gaus or han |
| 6. å grusa på | å herja på, styra på, køyra på |
| 7. å kjaksa | å klyppa i veg på måfå utan å ta det så nøye |
| 8. kukkelura | å stå og fundera, spekulera, grubla |
| 9. å poda (ikkje botanisk) | å fiska med to lange stenger |
| 10. å muda | å mista fjøra |

Dei beste denne gongen var:

Andor Borgenvik	Ni av ti
Sjukestova	Sju av ti
Dagsenteret	Sju av ti
Oddbjørg Bokneberg Øye	Sju av ti

Om det ikkje blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila. Det er det samla resultatet som tel.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 10. august**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL	post@bygdabladet.no
SMS	98 22 15 08
BREV	Bokn Bygdablad Boknatun 5561 Bokn

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. skøyden
2. stufta sterta
3. ein håling
4. i kjømdå
5. ein kvedel
6. nasafisje
7. oppårende
8. ein pryler
9. sjossen
10. eit tele



Gratulerer!



Sigbjørn Ørjansen 50 år, 19. juli

Gratulerer til vår kjære nabo og venn, Sigbjørn på 50 års dagen.

Vi ønsker deg en flott dag. Gleder oss til feiringen.

Hilsen Kari, Håvard og "onkelungane"



Albert Lindanger 5 år, 28. juli

Me vil gratulera Albert med fem årsdagen 28. juli.

Mange klemmar frå Hermine, mamma og pappa.

20-års jub.

26. juni 1991 var det kongeleg opning av Kyststamvegen

Fotos:
Kyrre/Rita
Lindanger

Den gong stod fylgjande i Bokn Bygdablad:

På minuttet 14.10 steig Kongen ut av bilen i Arsvågen. Dei 8 minuttane som fylgjet kom for seint til Boknatun vart tatt inn, og i Arsvågen gjekk programmet nøyaktig etter skjema.

Fine blomebukettar vart overrekte Kongen og Kronprinsen av Cecilie Larsen og Glenn Taraldlien.

Ordførar Leif Vatnaland sa i velkomst-talen sin at det var 963 år sidan forrige kongebesøk. Men då var det ikkje vegåpning det var snakk om, men eit slag mellom Erling Skjalgson og Olav Digre, seinare betre kjend som Olav den heilage.

Kongen sa i sin tale at i dag samlar ein ikkje landet ved å vinna slag, men ved å åpna nye vegsamband. Og Kongen såg ut til å lika seg i det fine veret. Humøret var i alle fall i orden då han kommenterte at av Bokn sine 750 innbyggjarar, måtte minst 1500 vera til stades i Arsvågen.

Også Kronprinsen såg ut til å trivast, og han sjarmerte nok mange med sitt vinnande vesen.

Frå lokalt hald vart det framført fin prolog av Olaug Hognaland, og song og musikk av skulekorps, Brass og skulebarn frå Bokn. Det fine applikerte teppet laga av Solrunn Alvestad som ordføraren overrekte Kongen frå folket på Bokn vakte stor interesse.

Etter at sjølve åpninga av Kyststamvegen var ferdig, gjekk Kongen bort til ein stein og skreiv namnetrekket sitt. Denne steinen skal seinare plasserast i parkanlegget på ferjeleiet.

Bokn kommune er den minste kommunen Kongen har besøkt på signingsferda, men det han utførte her var ei markering som vil skriva seg inn i Bokn og Rogaland si historie.

Presis klokka 14.45 gjekk sjaluppen frå Arsvågen ferjeleie og ut mot Kongeskipet, og storferja "Stamvegen" la til kai og varsla ei ny tid for Bokn.



Ordførar Leif Vatnaland heldt velkomsttale foran m.a. Bokn skulekorps, Bokn Brass og barn frå Bokn skule.



Kongen opna Kyststamvegen med snorklipping.



Etter snorklippinga spelte korpsa "Ja, vi elsker".

Ei ny tid var begynt for Bokn då bilane kørde om bord i storferja "Stamveien".



Prologen av Olaug Hognaland

Folk på Bokn har alltid hatt det ord,
at dei har begge føtene på jord.
Aldri hørde de at det hende
at boknaren festa veka til ende.

Nå trur me dei fleste er kjend her borte,
og veit kva omskifte det har vorte,
og når me har vald å feira ei stund,
så har me verkeleg gyldig grunn.

Nå er tida og dagen inne,
som aldri vil gå or ein boknars minne.
Høgt til topps med alle flag
for Kongeleg besøk på ein midt-sommardag!

Dei gjorde grundig arbeid her vest,
då dei dreiv og regulerte som best.
Grenser vart sletta, nye vart sette,
større kommunar det var det rette.

Heile kommunar vart dregne med,
andre vart delt mellom to og tre.
Kvar får sin, så får du den,
og vesle Bokn sto igjen.

Omkransa av ein verhard fjord,
og anneks til vår storebror i nord.
Men heldig plassert, det får me seia,
ikkje mange låg midt i skipsleia.

Å vera liten er endå verre
når alle dei andre er store og svære,
men styra seg sjøl, det vil alle små,
me skulle nok greia oss, sku dei få sjå.

Men bygda og folket var delt i to,
skulle dei møtast måtte dei ro.
Det var mest på Austre dei måtte lida,
som oftast måtte over på andre sida.

Det kunne vera ærend av mange slag,
og ikkje alltid ved høglys dag.
Så fekk me ferje og det var flott,
nå kunne me ferdast trygt og godt.

Og hadde ein ærend på andre sida,
som ikkje passa med rutetida,
så bar det korkje synd eller skam
å stela ein båt for å koma seg fram.

Pengar me visste var ikkje å få,
men Statens vegvesen visste råd,
berre dei fekk Bokn som transitt,
så stortrafikken fekk strøyma fritt.

Tre store bruer ville dei byggja,
skriva kontrakt på molo og bryggja.
Det var eit syn og merakel å sjå
korleis vegarbeid kan foregå.

At eit fjell står i vegen, er ikkje problem,
snart ut på andre sida dei kjem.
Og nå ligg vegen så bein og fin
frå eine ytterkant til hin.

Når me har lagt tunnelen bak,
og kjem ut i den lyse dag,
så er det ikkje lange tida
før me er over på vestre sida.

Som ein livstråd langs urørd jord,
med utsyn over Boknafjord,
torvmyrpalmar og planteskog,
og teigar som ventar på grøfing og plog,
går nå stamvegen, trygg og brei.
I dag er den dess meir blitt kongevei.

Gamal er garden her me står,
dyrka og avla i tusen av år.
Soga fortel at dei budde til leige,
den gong Are var i adeleg eige.

Det var ein jordart som avla rikt,
var ikkje resten av øya likt.
Kastevikar og lakseseite,
det heitte "Tilliggende herligheter".

Der fiskarbonden akta i morgontimar
på sildesyner og makrellstimar,
der laksen spratt i sommarkveldar,
blir det nå kvervlar av ferjepropellar.

Alle ting kan ta allslags vending,
og med det mang ei kjær og uventa hending.
Kven var det vel som drøymde om
at Konge og Kongeson til Are kom.
Takk for at De ville koma hit og gi
ein festleg inngang til den nye tid!

Ein trubadur var innom ein gong,
ein som dikta, spelte og song.
"Eventyret om Bokn bru".
Det var å vona, men ikkje til å tru.



Olaug Hognaland las sin eigen prolog.




Presis klokka 14.45 gjekk sjaluppen frå Arsvågen ferjeleie og ut mot Kongeskipet (i bakgrunnen).

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 5 1991

BOKNAVEKA 23. - 29. JUNI



I samband med at Kyststamvegen gjennom Bokn vert åpna, og ferjetrafikken Bokn - Randaberg vert sett i drift den 26. juni, skal dette markerast på mange vis.

Programmet ser slik ut (med forbehold om endringar):

Søndag 23. juni arrangerer Bokn skulemusikkorps Boknafestival. Dette er som vanleg ei mønstring av musikkraftene i kommunen og innbudne gjester.

Søndag kveld arrangerer Bokn Røde Kors St. Hans - fest med bål. Dette vert eit familiearrangement som skal foregå i friluft. Det er ikkje endeleg avgjort kor det skal vera.

Måndag den 24. juni har Bokn Brass premiere på revyen LANDFAST.

Onsdag den 26. juni på vegåpningsdagen skal Vegvesenet ha lunch for 150-200 gjester ved Bokn skule frå kl. 11.30 - kl. 13.00

Den 26. juni er sjølvde dagen kor det heilt store skal foregå. Då vert det offisiell åpning av Kyststamvegen på Arsvågen ferjeleie v/HM Kong Harald V. Dette skal skje i tidsrommet frå kl. 14.10 - kl. 14.45 i Arsvågen.

Før dette skal HM Kongen besøkja Boknatun, kor det vert eit kort arrangement frå kl. 13.30 - kl. 14.00 i Allrommet med besøk ved Bokn sjukestove.

Det er ennå ikkje bestemt kven som skal overrekka Kongen og kronprins eller prinsesse blommar, men det blir to barn frå Bokn i 8-9 års alderen.

Det er heller ikkje heilt avgjort om det er kronprinsen eller prinsessa som blir med Kongen til Bokn.

Etter at Kongen er reist frå Arsvågen kl. 14.45 blir det frå kl. 16.00 - kl. 18.00 utstillingar og matsal ved Bokn skule. Det blir også underholdning av m.a. Haugaland Trommekorps.

Frå kl. 18.00 - kl. 20.30 blir det folkefest i telt på skuleområdet. Her blir det lokal underholdning bunde saman av løgnasen Per Inge Torkelsen.

Torsdag 27. juni vert det igjen revy. Fredag 28. juni vert det BARNAS DAG og revy om kvelden.

Feiringa blir avslutta laurdag den 29. juni med Firebruersløpet og Bruamarsjen arrangert av Bokn Idrettslag og Rogaland Vegvesen.

Det vil bli sendt ut nærare detaljert program for FESTVEKA seinare.

Når det gjeld Firebruersløpet og Bruamarsjen vise ein til brosjyre med påmeldingsslipp som i desse dagar vert å finna i postkassane i Bokn og fleire nabo-kommunar.

Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva**.

Juli

- 09.-14. Bokn KFUK/KFUM-speidarar: Kanotur for vandrarar på Nidelva
- 10. Gudsteneste **kl. 12.00**
- 16. Sommarmarknad på kaien i Føresvik
- 31. Gudsteneste **kl. 12.00**

August

- 15. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Gudsteneste **kl. 11.00**, Misjonssundag
- 21. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 23. Stifinnarane startar opp etter ferien
- 23. Vandrarane startar opp etter ferien
- 23. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 28. Friluftsdag kl. 11.00-16.00, arr. Bokn I.L./speidaren
- 28. Normisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 29. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 30. Oppdagarane startar opp etter ferien

September

- 02. Kino i Auditoriet
- 04. Gudsteneste **kl. 11.00**, Konf.pres. 50 års- konf.
- 04. Bingo **kl. 19.00**, arr. Bokn musikkorps
- 11. NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00
- 12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 16. Kino i Auditoriet
- 18. Gudsteneste **kl. 11.00**
- 18. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 23. Bedehusbasaren kl. 19.00
- 24. Bokn KFUK/KFUM-speidarar: Kampen om Vikingskipet
- 26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 28. Israelsmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
- 29. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 30. Kino i Auditoriet

Oktober

- 02. Gudsteneste **kl. 11.00**, Hausttakkefest
- 05. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon, bedehuset kl.

- 19.00 10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 09. Bingo **kl. 16.00**, arr. Bokn musikkorps
- 14. Kino i Auditoriet
- 16. Gudsteneste **kl. 11.00**
- 20. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
- 22. Auksjon kl. 11.00, arr. Bokn musikkorps
- 23. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00
- 24. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 26. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 28. Kino i Auditoriet

November

- 04. Kulturkveld på bedehuset kl. 19.00
- 06. Gudsteneste **kl. 11.00**, Allehelgenssundag
- 07. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30
- 08. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste **kl. 15.00**, Fireårsbok
- 13. Bingo **kl. 18.30**, arr. Bokn musikkorps
- 17. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 19. NMS har misjonsmesse på Soknahuset i Tysværvåg kl. 11.00
- 20. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00
- 22. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 25. Kino i Auditoriet
- 27. Gudsteneste **kl. 18.00**, Lysmesse/speidarane

Desember

- 06. Grautfest på skulen kl. 18.00 for heile speidaren
- 08. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00
- 09. Kino i Auditoriet
- 11. Gudsteneste **kl. 11.00**
- 11. Luciafest kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps
- 18. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00 - arr. Sundags-skulen og familiespeidaren
- 24. Gudsteneste **kl. 14.00**
- 26. Gudsteneste **kl. 11.00**
- 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00 - arr. Bedehusstyret og frelsesarmeen
- 31. Gudsteneste **kl. 16.00**

Leveranse til premature barn

Jardar Havikbotn

I april skreiv me om Bianca Alvestad som strikka til premature barn, og som inviterte boknarar og andre til å vera med å produsera. 14. juni drog ho til Stavanger universitetssjukehus (SUS) med huer, pledd, sokkar og vottar.

Så langt har rundt 10 boknarar bidradd i prosjektet til lærarstudenten, som er mektig imponert over alle klede som er komne inn. Dei alle fleste leverer når dei er på Coop Marked Bokn og handlar.

- Det er kjempespennande å opna skapet mitt der nede, fortel ho, medan ho klemmer på nokre av posane på bordet.

Brødposane med det vaska innhaldet skal nemleg ikkje opnast før levering. Og alt ser ut til å vera i babyull. Her ligg det mange strikkeskottar bak, ja, til og med hekling er brukt. Bianca viser meg eit flott hekla pledd i oldemorruiter.

Neste leveranse er planlagt i oktober, og 32-åringen veit om fleire boknarar som skal levera då. Slike leveransar er blitt vanleg over heile landet. Ho fortel m.a. om fleire koffertar med klede til Haukeland universitetssjukehus. Det er *Strikkeverden* som har organisert prosjektet, som nå skal bli overtatt av *Amanda-prosjektet*.

SUS blei veldig glade for pakken. I tillegg til produkta på bildet, kom det inn fleire bidrag før levering; 11 huer, 10 par sokkar og rundt 10 pledd - eit overveldande og knallbra resultat!



Bianca Alvestad med dottera Marielle, begge i sjølvlagde klede, bak bordet med 52 huer, 24 pledd, 14 par sokkar og 5 par vottar, produsert av boknarar.

Sigvard Are, fødd 29.10.1932, døydde 11.05.2011.

Han var fødd og oppvaksen på Are. Foreldra var Kristine og Jens J. Are.

I barneflokket var Sigvard nest eldst av seks sysken.

Etter at han var konfirmert, reiste han på fiske. Etterkvart blei det frakteskute og rutebåt. I 1963 gifta han seg med Kari. Året etter kjøpte han seg gard på Grønne- stad og blei gardbrukar. Han hadde stor interesse for å dyrka opp ny jord, og deltok i gardsarbeidet heilt til det siste.

Sigvard likte seg godt på sjøen og var godt kjent i skjergarden. Fiske var den store hobbyen, og det gjekk mykje i sild, hummar og makrell. Han hadde alltid eitt eller fleire familimedlem med i båten, og på sommarstid blei det ofte ein tur i land der fisken blei grilla eller kokt.

Sigvard var snill, roleg og heimekjær, og fulgte godt med i det som skjedde i familien. Spesielt godt likte han å vera saman med barnebarna når dei var heime på ferie.



Han etterlet seg kone, to barn, svigerson og to barne- barn.



PÅMELDING TIL BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE FOR SKULEÅRET 2011/2012 (HAUST OG VÅR)

Kulturskulen kan frå hausten av tilby undervisning i følgjande musikkgreiner:

Piano: Lærar Venevil Birkelund.
20 minutt pr. veke.
Pris pr. halvår kr. 670,-.

Gitar: Lærar Kristoffer V. Hanssen.
Undervisning måndag og tysdag.
20 minutt pr. veke.
Pris pr. halvår kr. 670,-.

Boknakoret: Dirigent Anne T. Øvrebø.
Alder: Frå 8. klasse og oppover.
Koret har øving tysdagar kl. 18.30-20.00.
Pris pr. halvår kr. 530,-.

Søskenmoderasjon: 30 % på rimele- gaste tilbod.

**Påmeldingsfrist:
Måndag 1. august 2011!**

Bindingstid

Påmeldinga er bindande for eit halvt skuleår (eitt semester) om gongen. Eleven får tildelt plass i kulturskulen for eitt år (haust og vår 2011/2012). Skulle ein ikkje ynskje å fortsetje i kul- turskulen til våren, må ein gi skriftleg



semesteret.

Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.

Søknad og opptak

Dei som får tildelt plass, får melding om dette ved skulestart hausten 2011. Då kjem også nøyaktig tidspunkt for den enkelte undervisningstid. Dersom ein ikkje skulle få plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig plass.

Fint om du set ein merknad på påmel- dingsskjemaet dersom det skulle vere ein dag det ikkje passar for deg å få undervisning.

Håpar på god pågang, og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

Dei som vil melda seg på, kan enkelt riva ut den neste sida. Arket er blankt på baksida slik at ein ikkje samstun- des tar med seg anna innhald i bladet.

(Brett langs den stipla per- foreringskanten før utrivning, så er du sikker på å ikkje skada bladet)

- redaktøren -

melding om dette innan 10. desember 2011. Gir ein ikkje beskjed om utmel- ding, vil ein bli fakturert også for vår-

PÅMELDINGSSKJEMA
BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE 2011/2012

	Søkjær 1	Søkjær 2	Søkjær 3	Søkjær 4	Søkjær 5
Namn på søkjær →					
Piano (Set X under namn)					
Gitar					
Kor					
Merknad					

Underskrift: _____ Telefon: _____
 (Av føresett dersom søkjær er under 18 år) (Dersom beskjedar skal formidløst)

Skjemaet leverer du på skulekontoret, Bokn Skule, eller på Servicetorget, Boknatun.

Påmeldingsfrist: Måndag 1. august 2011!

Auka kompetanse

Jardar Havikbotn

Henriette S. Lindanger er ferdig med vidareutdanninga som helsesøster.

Dei to siste åra har sjukepleiaren tatt denne utdanninga på deltid, ei utdanning ho m.a. måtte ha to års erfaring med barn for å ta. Henriette har nå vore sjukepleiar i Bokn kommune i 10 år, og jobba som helsesøster dei fire siste åra.

Ei helsesøster skal kunna litt om mykje, fortel ho, og ho har nå også fått auka kunnskap om barn og ungdom si fysiske og psykiske utvikling, søvn, amming, barnesamtalar, ernæring, omsorgssvikt, seksualitet, motorisk utvikling, tilknytning og samspel.

- Spennet er stort, seier Henriette, som reknar med å starta opp att med Helsesøster-dagar på skulen til hausten.

Med kompetansehevinga kan ho nå skriva ut p-piller for jenter 16-19 år, samt å ha ansvaret for å følge opp tuberkulose-arbeidet i kommunen.

Dei tre første dagane i veka

Frå 15. august vil du treffa Henriette på helsestasjonen mandag, tysdag og onsdag kl. 08.00-15.30 kvar veke. Ho synest det er kjekt og utfordrande



Helsesøster Henriette S. Lindanger

å vera helsesøster, og seier ho m.a. er heldig som får møta mange kjekke familiar, noko som gir henne mykje tilbake.

Henriette skal også, saman med ein skuletilsett, vera med på å auka kompetansen til kommunen på psykososialt arbeid for barn og unge, og vil

frå hausten ta fatt på to nye utdanningsår på deltid. Ho presiserer at dette studiet ikkje vil gå ut over helsestasjonen.

Kommunar har lite kompetanse på psykososialt arbeid for barn og unge, og Rogaland Fylkeskommune går derfor inn og støttar prosjektet økonomisk.

Bokn legekontor:

Åpningstider sommere 2011

Dag-Helge Rønnevik

Bokn legekontor stenger uke 27-29. Første legedag etter ferien er tirsdag 26. juli.

Som vanlig er Hegren legesenter i Aksdal vikar for oss dersom noen trenger akutthjelp, INR-kontroll eller andre ting som ikke kan avklares før eller vente til etter ferien.

Telefon Hegren: 52758800. Husk Bokn legevakt gjelder hele døgnet i alle tilfeller der du ikke får tak i dr Rønnevik eller vikarlege. **Telefonnummer til Bokn legevakt er 52748522.**

Vi ønsker alle våre pasienter en god sommer!



Ny barne- og ungdomsarbeidar

Jardar Havikbotn

Turid Askeland frå Hervik er tilsett som ny barne- og ungdomsarbeidar i 40%-stilling. Ho er også 10% miljøarbeidar i skulen, og har eit vikariat i SFO i 50%.

Ho held Artep ope (onsdagar kl. 16-20) heile sommaren unntatt 20. juli.

Første klubbkveld for Petra etter ferien blir 19. august.

Bokn Bygdablad kjem med ein nærmare presentasjon av Turid Askeland i neste utgåve.

ARTEP

Info frå helsestasjonen

Henriette Lindanger

Helsestasjonen har reduserte opningstider i sommarferien, og nye opningstider frå 15. august.

Frå 20. juni til og med 18. juli er helsestasjonen open mandagar. Dei andre dagane er helsesøster på sjukestova og kan kontaktast der ved behov.

Helsestasjonen held stengt veke 30, 31 og 32.

Nye åpningsdager på helsestasjonen fra 15 august:

Då vil helsestasjonen vere bemanna følgjande dagar:

Måndag, tysdag og onsdag kl. 8.30-15.30.

Helsesøster når ein på mobilnr: 469 36 965.

Sjå elles artikkel øvst på sida.

- redaktøren -

Rogfast-synfaring på Bokn

Kyrre Lindanger

I samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet for Rogfast, blei det 20. juni gjennomført synfaring langs E39 på Bokn.

Konsultentselskapet Cowi har av Statens vegvesen fått i oppdrag å laga reguleringsplan for vegane i dag-sonene, det vil seie vegane utføre tunnelen på Bokn, Kvitsøy og Randaberg. I tillegg skal Cowi laga tekniske planar for Rogfast, for at Statens vegvesen skal kunne lage kostnadsoverslag for prosjektet. Ein oppdatert og meir detaljert risiko- og sårbarhetsanalyse inngår også i avtalen.

Synfaringa starta i Arsvågen der representantar frå Statens vegvesen, Bokn kommune og Cowi mellom anna gjekk gjennom aktuelt område for påhogg for Rogfast-tunnelen. Vidare fekk konsulentane frå Cowi gjort seg kjende med krysset i Knarholmen og på Austre Bokn, der bestillinga frå vegmyndene er å få regulert inn planfrie kryss.

Reguleringsplanen skal etter planen vera ferdig om eit år. I tillegg kjem ein del arbeid i samband med høyring og offentleg handsaming av planen.



Statens vegvesen stilte mannssterke i samband med synfaringa på Austre Bokn 20. juni.

Trim for eldre –

trimmen for dei med eit ungt, ope sinn!

Tekst: Anne E. Askeland
Foto: Jardar Havikbotn

23. juni hadde *Trim for eldre* si siste trimøkt før sommarferien.

Alle vart bedne om å "innta plassane" ute (**bildet**); veret var flott og det gjer alltid litt ekstra godt å bevega seg ute i frisk luft. Til tonane frå Åge Aleksandersen sin slager *Medvind* kunne trimgruppa visa eit forrykande flott program som fordrar fokus på både

koordinasjon og balanse.

Med noko høgare puls enn då ein starta, møttest alle over ein kopp kaffi, frukt, kjeks og ein særdeles god prat oppe i allrommet i 2. etasje etter at trimøkta var over. Vi evaluerte innsatsen denne perioden og det var



høgt under taket i forhold til å koma med innspel til forbedringar. Praten gjekk svært godt – lenge :) Til slutt innsåg vi at vi måtte runda av og ynskja einannan GOD SOMMAR – og PÅ GJENSYN TIL HAUSTEN!

Første trimøkt til hausten vert torsdag 18. august; for meir informasjon sjå www.bokn.no samt flyers/plakatar.

Hugs dei 30 minuttane med aktivitet kvar dag; dei gjer så godt for både kropp og sjel!

Tidligstemmegivning



Du kan stemme allerede fra 1. juli

Allerede fredag 1. juli kan du avgi stemme til høstens kommunestyre- og fylkestingsvalg. Muligheten til å stemme gjelder alle velgere både innenriks og utenriks.

De som ikke har mulighet til å stemme innenfor den ordinære forhåndsstemmeperioden eller på valgdagen, kan fra 1. juli til 9.

august avgi tidligstemme. Ønsker du å stemme så tidlig, må du ta kontakt med den kommunen du oppholder deg i for å få informasjon om når og hvor stemmegivning kan skje. Kommunene har ikke stemmegivning i alle valglokalene i denne perioden.

Slik fungerer ordningen:

- Tidligstemme kan avgis i en hvilken som helst kommune fra 1. juli.
- Du må ta kontakt med kommunen for å avtale tid for å stemme, eventuelt se kommunens hjemmesider for nærmere informasjon.
- Tidlig i perioden kan det være at

velgerne må bruke en stemmesedel kun påført de registrerte partienes navn og uten kandidatnavn. Velgerne må da krysse av for eller skrive på hvilket parti/gruppe de vil stemme på. Så snart de lokale stemmesedlene er klare, vil de bli brukt ved stemmegivningen. I enkelte kommuner er de lokale stemmesedlene klare allerede fra 1. juli.

- Husk å ta med deg legitimasjon når du skal stemme.

Valgdagen er 12. september.

Ta kontakt med servicetorget på tlf. 52752500 dersom du vil tidligstemme!

Steinalderbuplass i bustadfelt?

Jardar Havikbotn

20. juni starta arkeologar frå Rogaland fylkeskommune ein tre vekers periode med arkeologiske undersøkingar i samband med opparbeidinga av nytt bustadfelt på Fyren.

Ikkje overraskande kunne Sigrd Alræk Dugstad og Sikke Viste allerede dagen etter visa oss på Boknatun fleire flintfunn; såkalla avslag som er avfall etter reiskapsproduksjon frå steinalderen. Som kjent er det tidlegare gjort mange steinalderfunn i området ved Boknasundet.

- Ja, nært eit sund med gode marinressurser forventar me steinalderfunn, fortel Sigrd Alræk Dugstad, som også opplyser om at det aktuelle området ikkje har vore undersøkt tidlegare, men mellom planområdet og sjøen er det tidlegare registrert fleire kulturminner i form av gravrøyser og ein bautastein.

Steinalderbuplass

Dei første flintfunna låg rett under torva, ca. 15 cm ned. Dei kom for dagen etter tre prøvestikk. Dette er noko dei grev for hand i 40X40 cm store ruter. Då det blei grove ei lengre sjakt med gravemaskin, var det ikkje tvil om at her var ein steinalderbuplass. Etter ei veke, hadde dei gjort rundt 200 funn, av m.a. to skraper.

Arkeologane prøver å finna hovudområdet og avgrensa dette. I planlegginga av Fyren bustadområde må det takast omsyn til steinalderbuplassen.

Vurderingssak

Saksbehandlar i Rogaland fylkeskommune, Trond Meling, fortel at dei etter at registreringa er ferdig vil gå inn i ein prosess med kommunen på korleis dette skal løysast på beste måte, og nemner frisoner og grøntareal.

Viss dette ikkje er tilfredsstillande for kommunen, kan det søkast om dispensasjon hjå riksantikvaren, som må vurdere kor høg verdi dette har og om dei kan gi dispensasjon.

Dersom området skal bli frigitt, må det gravast ut først.

- Dette vil ev. ikkje føra til store forsinkingar, avsluttar Trond Meling.

Øvst: Sigrd Alræk Dugstad (tv.) og Sikke Viste viser fram flintfunn frå Fyren.

2. rekke tv.: Den store steinen har vore ein slipestein. Det går ikkje fram av bildet, men han hadde tydelege furer etter sliping av reiskap. Den vesle flintgjenstanden har blitt brukt til å skjera med.

2. rekke th.: Kwart flintavslag blir registrert i kvar sin pose.

3. rekke: Nora Pape (th.) og Sigrd Alræk Dugstad og Odd Grønnestad i arbeid

Nedst: Mange pinnar i ca. 70 m lang sjakt markerer rundt 200 steinalderfunn.



21. juni



28. juni



21. juni



30. juni



30. juni

Kondisjon og viljestyrke

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Ture Kristiansen

Tilsette i første etasje på Boknaton på blåtur.

Ei av mail-gruppene på adresselista er definert som "Bokn 1.etg". Skal ein senda ut generell informasjon til oss som sit i første etasje er det lett å nå oss alle via denne adressa... for dei som har tilgang til adresselista via Bokn-serveren sjølvsagt.

Borgøy... "15 mann om bord" – resten får venta til neste tur. Safety first- always safety!" Så også her.

Vel framme vart vi helste velkomne av vertinna: Åshild Hettervik. Velsmakande lunsj hadde ho klar. Og vi; vi var svoltne.

Etter at vi hadde ete, fekk vi ei omvisning på og rundt garden, vi fekk ta del

og bevegelse – og til å ynskja å ta vare på helsa for å sikra seg mange gode leveår. Godt vaksne og som fremste ambassadørar for folkehelsa stod dei på toppen av Borgøy-nuten, og det var så vidt ein såg dei hadde sveitta i det heile.

Vi vart grepne av utsikta alle saman. Vi kjende på samhaldet; vi nådde til topps. Då sistemann kom opp lot vi



På toppen, ståande fv.: Tore Bøe Olsen, Annette Bokneberg, May Jorunn Vatnaland, Jonny Hetleflåt, Gro Sørensen, Hans Faye, Egil Ognøy, Jan Erik Nygaard, Reidar Alvestad og Lars Bua.

Sitjande fv.: Anne E. Askeland, Unn A. Mustaparta, Solrunn Alvestad, Jardar Havikbotn og Arild Ognøy.

Dei tilsette i første etasje fekk, for ei tid tilbake, nettopp ein mail; med invitasjon til blåtur.

Velkomne skal de vera; avgang frå Boknaton klokka 12; "sharp" – ta med klede til alt frå strikkhopping til lefse-baking...

For det er jo det som kjenneteiknar blåturane: vi skal lata oss overraske, vi skal ikkje lata oss influera av etablerte, erfarte – eller for den del; ikkje-erfarte tidlegare opplevingar: Vi skal berre stilla opp. Det einaste ein dog alltid vert beden om, er å ta med godt humør. (Ja, i tillegg til alle dei ulike klede ein kan ha med seg då – sånn, i tillfelle...)

Ein blåtur manar til å lata seg verta reven med, til å lata nokre av dei banda, som av og til kviler på oss, sleppa taket for ei stund. Kva funksjon ein har i det daglege, titlar – det spelar brått inga rolle. Ein blåtur kallar på "personane", på menneska bak smila og "den daglege dont". Vi gledde oss; stemninga var god då vi tok ut. Og vi tok ut som avtala, temmeleg "sharp" klokka 12. Turen gjekk til Steinsvik-kaien der båten går over til

i den spesielle historia om Lars Hertervig – og til slutt skulle vi...gå oss ein tur. Vi fekk to alternativ: Alternativ 1: bratt og sleipt. Alternativ 2: brattare, sleipare, godt eigna for dei av Homo sapiens som av og til kjenner på slektskapen med ...Tarzan.....

Ubeskriveleg bratt

Av ikkje definerte grunnar vart det no ein gong slik at alle valde å gå same lei; vi valde "Tarzan"-varianten. Og det er like fascinerande kvar gong: Hadde ein berre visst ... så hadde ein anten aldri gjort det, eller så gjer ein det garantert att: Det var bratt. Ubeskriveleg bratt. Vi skulle til topps på Borgøy- nuten, 292 m.o.h – rett opp.

Ein strabasios, men uforgløyemeleg tur. Som yngste i fylgjet lot underteikna seg mektig imponera av at dei som var fyrst oppe og som utan å klaga – utan å kny og som stolte og flotte stod og ynskte oss andre velkomne opp ei lita stund etterpå, var blant dei eldste ... i første etasje. Det gav meg vilje til og ynskje om å gjera som dei har gjort i alle år: Dei har hatt eit bevisst forhold til å tenkja helse, til å tenkja aktivitet

også han få kvila før vi starta på del 2 av "Eventyret om Tarzan"... I ordets rette forstand: Vi svinga oss frå tre til tre ned att – rett og slett for ikkje å mista fotfestet ned den ekstremt bratte ura.

Vel nede att vart vi utfordra på nymoderande "teambuilding". Vi gjekk "taugang" (bundne fast til einannan), "planketråkk" – type ski, 3 personar pr. skipar og bueskyting, - mykje lått og løye før vi nok ein gong sette oss til bords nede på sjøhuset (det gamle notbøteriet). Velsmakande; ja - betre enn nokon gong.

Ca. 30 minutt om dagen

For å ta vare på helsa treng ein ikkje leggja opp til dei mest strabasiose turane, ei heller dei lengste. Ein treng ikkje føra logg over kor fort ein spring – og ein treng ikkje alltid konkurrera. Men; det ein treng – er å vera i bevegelse – sånn cirka 30 minutt om dagen for dei vaksne og i ein liten time for dei små. Tek vi dette inn over oss, spring vi lett som berre det til Borgøy – nuten alle saman. I tillegg kan vi leva så mykje lenger :)

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Gnr 1, bnr 8 er solgt for
kr 500.000 fra Erik Eikje
til Oliver Bothe
(04.05.2011)

Gnr 20, bnr 33 er over-
dradd fra Per Arve
Hognaland til Ragna
Hermanda Hognaland
(05.05.2011)

Boknatonvegen 32
(Gnr 9, bnr 161, sek-
sjon 3) er solgt for kr
1.450.000 fra Paulsen
Byggsenter as til Jostein
Aksdal og Hanne Nilssen
(20.05.2011)

Boknatonvegen 36 (Gnr
9, bnr 161, seksjon 5) er
solgt for kr 1.385.000
fra Paulsen Byggsenter
as til Trond Vatnaland og
May Jorunn Vatnaland
(26.05.2011)

Kjelde: Statens kartverk



SPRELL LEVENDE

Treng fleire leiarar/medhjelparar

Me treng fleire nye leiarar i sundagsskulen vår frå hausten av.

Du er hjarteleg velkommen til å bidra med det du kan, opp-
gåvene blir fordelte på fleire personar.

Du har muligheit til å vera med på eit meningsfylt arbeid,
og her er inga aldersgrense for å vera med.

Du treng ikkje å binda deg til meir enn eit par gonger, så
kan du prøva og sjå om dette passar for deg.

Om du lurar på om dette er noko for deg ta kontakt
med Ingunn, tlf: 918 33 696

Annonser

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine loka-
le, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og
heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,-
for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein ons-
dag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Taraldlien (46
95 95 13)



Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Prøv ei annonse i Bokn Bygdablad



COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Åpningstid i sommer

Åpningstid Bokn 21. juli – 12. august:

Kassen er åpen:

Mandag og onsdag kl 12.00–14.00

Fredag kl 12.00–15.00

For rådgivning, ring
02002 for avtale.



**Jeg ønsker dere alle en
riktig god sommer !
Regner med å se deg i
Mosjonsløpet her på
Bokn 16. juli? 😊**



SpareBank
SR-BANK



Næringsliv

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris døgn kr. 1.000,- + mva
Pris veke kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797



HÅRSMIÅ



Velkommen til Hårsmiå. Har åpent alle hverdager kl. 08.00 - 20.00
Lørdager kl. 10.00 - 14.00

Sommerferie fra 1. august til og med 18 august.

Klipper på sommermarkedet i Føresvik 16. juli. Kan også få tatt øre og nese-piersing. Salg av Macadamia natural oil-serien.

God sommer!

52 74 86 47 / 46 44 29 20

Med vennlig hilsen
Mona på Hårsmiå



FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN



Mine åpningstider er tirsdag-fredag

Oddetalsuker: kl. 09-16

Partallsuker: fleksible åpningstider

Sommerferie fra 11. juli, starter opp igjen 2. august

Ønsker dere alle en fin sommer!

Hilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34

Prøv ein annonse i
Bokn Bygdablad

Div. tenester på Boknatun, m.m.

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredagar kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetalsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smertor i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring

94 14 47 35 - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren.

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treg du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivitør



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 08.30 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Direktenr. tysdag: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån. 16 - 19
Tys. 09 - 13

Ons. 16 - 19
Tors. 09.- 13

Sommarope:

Måndag 27. juni
Måndag 04. juli
Måndag 11. juli
Måndag 18. juli
Måndag 26. juli
Måndag 01. aug.
Måndag 08. aug.
Måndag 15. aug.

kl. 16-19
kl. 16-19
kl. 16-19
stengt
stengt
stengt
kl. 16-19
kl. 16-19



God sommar!

Møteplanar, kommunale styre og utval

Bokn kommunestyre

Tysdag 20. september kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)

Bokn formannskap

Tysdag 06. september kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)

Bokn forvaltningsstyre

Tysdag 13. september kl. 19.30 (Boknatun 1. etg.)

Bokn sokneråd

Tysdag 23. august kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Torsdag 29. september kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Onsdag 26. oktober kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Torsdag 17. november kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Torsdag 8. desember kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Bokn senior/brukarråd

Torsdag 6. Oktober kl. 18.00 (Boknatun 1. etg.)

KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka

Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.

Innvendig reingjering frå 500 kr.

Skinngleie frå 500 kr.

Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

Kjell Frode 907 83 797

John Magne 909 24 964

Epost: kjellfrode75@hotmail.com

TAKK!

Takk for all oppmerksomhet i anledning min 60 årsdag.

Odd Grønnestad

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Bli laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen

Ellen Nedrebø

Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside kr. 625,-

Halvside kr. 375,-

Kvartside kr. 188,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 63,-

Fast-/fargeann. etter avtale

Foto, omslag:

Stephan Haram

St. Hans-feiring i gråvêr

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Trond Foss

Mange heldt seg heime i det grå vêret, men fråveret av Nelly la ingen negative føringar på humøret hjå dei framømte då årets St. Hans-feiring blei arrangert på nærmiljøanlegget i Alvestadkroken.

Dei om lag 60-70 som hadde møtt fram då bokna-speidarane inviterte til tradisjonell St. Hans-feiring på det kommunale nærmiljøanlegget, koste seg storvegs på det nyslåtte grasnet ned mot Boknasundet.

Store og små samla seg om grillane og koste seg på årets lengste dag. Det blei konkurrert i hesteskokast og det var aktivitet på sandvolleyballbana heile kvelden. Men det gjevaste innslaget var nok taubana som speidarane hadde strekt over moloen. Dei tøffaste smårollingane stod i kø for å bli dyppa i 16 graders sjø.

Ut på kveldinga blei eit flott bål fyrst opp ved strandkanten og ga varme til småkalde St. Hansingar. Den kalde vestlandskvelden var ei påminning om at "sola har snudd" og at det sakte går mot mørkare kveldar.



Ut på kveldinga blei eit flott bål fyrst opp ved strandkanten og ga varme til småkalde St. Hansingar.



STORT FRAMSIDEBILDE:

Vennebyen på barnehagebesøk - sjå s. 2

Foto: Elisabet Taraldlien

coop
marked

STORT SOMMERMARKED FØRESVIK

i samarbeid med:

KJEKT PÅ **BOKN**



Bokn
kommune

**Tivoli • Kafe • Salgsboder • Veteranbuss • Helikopterflyging • Vannsport aktiviteter
• Eliasbåten • Dropp inn Frisør • Ansiktsmaling • Gamle motorer...m.m.**

Lørdag 16.juli fra kl.11.00

Program:


kl.11 - Velkommen til marknadsgang

kl.12 - Offisiell åpning av fyrlykta, "Føresvik, indre kai"

kl.13 - Trail oppvisning

kl.16 - Mosjonsløp

kl.20 - Utedans m/ The Kvednabekkjers



DHR reklamebyrå

Velkommen til en hyggelig dag på

Bokn!

**Elias kommer!
Kommer du?**



coop
marked
9-16

Sprang halvmaraton

Tekst: Jardar Havikbotn
Foto: Vidar Øvrebø

Celina Bokneberg var 28. mai med i Haugesund Halvmaraton for første gong, og fullførte med glans!

Ho jogga gjennom den 21.097,5 meter lange løypa på 1.47.29, noko som heldt til ein flott sjuande plass. Av dei 92 deltakarane i Haugesund Halvmaraton 2011 var 22 damer.

Celina fortel til Bokn Bygdablad at det var kjempegøy å delta i eit løp. - Det var ein opplevelse, seier ho, som ikkje hadde problem med å fullføra, men seier det sjølv sagt var tungt.

Stor hobby

17-åringen har fått ei veldig interesse for å springa, og synst det er kjempegøy. Ho trener 6-7 dagar i veka. Målet hennar er å halda fram med fleire halvmaraton.

- Men kim vett, kanskje blir det heilmaraton ein gong, legg ho flirande til.

Ho blir m.a. inspirert av sambygding Janne Elin Vatnaland, som i haust skal vera med på både Oslo Maraton og New York Marathon.

- Det er veldig bra og tøft av henne, avsluttar Celina Bokneberg, som har lyst å vera med i Haugesund Halvmaraton neste år også, og forbetra tida si.

Bokn Bygdablad gratulerer med bragden!



Bra jobba under Kårstø-cupen!

Anette Våga

Heile sundag 5. juni var Falkeid IL sitt idrettsanlegg fullt av sporty og glade barn og foreldre frå mange kantar, også frå Bokn!

Bokn sitt guttelag G8 var kanskje det som hadde den mest originale og populære maskoten; sjølv sagt bukken Bokn!!!

Den treivst og fekk mykje merksemd, som alle dei andre på kunstgrasbanen, men han likte seg aller best på grasbanen, midt i matfatet.....

Bokn sitt G8 lag:

Foran frå venstre: Vilde, Bokn, Emilie, Marthe, Michelina.

Rekke 2 frå venstre: Kenneth, Vetle, Fredrik, Mathias.

Bakerst frå venstre: Oliver, Ådne, Kristoffer, Emil, Sindre, Torbjørn.

Trenarar frå venstre: Erik Våga og Alf Åge Alvestad.

